

SAUDA KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 5. mai 2014
Tid: kl. 13.00
Stad: Sauda Rådhus

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer innkalla særskilt. Medlemmer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast.

Sakskart vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen er invitert i sakene 08/14 og 9/14

Sakliste:

06/14 Godkjenning av protokoll 17.02.14

07/14 Referatsaker 05.05.14

08/14 Sauda kommune sin årsrekneskap 2013 – kontrollutvalet sin uttale

09/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Legetenesta»

10/14 Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Teknisk eining»

Eventuelt

Sauda/Aksdal, 28.04.14

Inge Løyning (sign.)
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert i sak 8/14 og 9/14)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.14	06/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.02.14

Saksvedlegg: Protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.02.14

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.02.14 ligg ved saka til godkjenning.
Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 17.02.14 blir godkjent slik den ligg føre.

Aksdal, 28.04.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAUDA KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 17. februar 2014 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiding av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 14.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H), Wenche Pleym (Ap) og Katrine Skorpe (H) frå sak 2/14
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland - frå KPMG
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Victor Juul
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL 14.10.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.10.13 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 17.02.14:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.14:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 14.10.13 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 02/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.02.14

1. Statusrapport pr. februar 2014
2. Haustkonferansen i Sandnes – munnleg orientering
3. K-st vedtak 18.12.13, sak 101/13 – rapport om Legetenesta
4. Årsrapport 2013 - frå Skatteoppkreveren i Sauda
5. Skatterekneskapen 2013
6. Automatisk svar på henvendingar til kommunen, e-post frå Solfrid L. Handeland
7. Informasjon om statlige tilsyn med kommuner og fylkeskommuner i Rogaland 2014
8. Gjeldende prosedyrer for innkjøp og mottakskontroll i Sauda kommune
9. NKRF-kontrollutvalgskonferanse 2014 – munnleg orientering

Handsaming i kontrollutvalet 17.02.14:

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

I samanheng med Statusoversikten orienterte rådmannen om status for rapporten om legetenestene. Kommunestyret hadde fått ei oppdatering på møte 12.02.14 og ville få ei ny oppdatering i april. Utvalet ville få ei oppfølging på møtet i mai. Rådmannen meinte det blei arbeida bra på fleire hald med tilrådingane i rapporten.

Skorpe og Løyning orienterte kort frå konferansen i Sandnes. Dei gav uttrykk for at konferansen ikkje innfridde deira forventningar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.14:

Kontrollutvalet tek referatsakene 1- 9 til orientering.

SAK 03/14 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2013

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2013.

Sauda kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmeldinga for 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 17.02.14:

Utvalet drøfta framlegg til årsmelding. Det blei peika på nokre faktafeil og feil vedlegg.

Sekretariatet rettar dette opp før utsending. Det blei peika på at møta til utvalet var offentlege og blir haldne for opne dører. Difor var det viktig med annonsering i avisa Ryfylke og på kommunen si heimeside. Rådmannen sa seg samd i dette og vil følgje opp saka.

Utvalet var elles nøgd med årsmeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.14:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2013.

Innstilling til kommunestyret:

Sauda kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmeldinga for 2013 til orientering.

SAK 04/14 VAL AV NYTT FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til utvalet sitt neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 17.02.14:

Utvalet drøfta kva for eit prosjekt dei ville prioritera og setje i verk no. Medlemmene var samde om at teknisk avdeling var mest aktuell av dei som er tatt inn i gjeldande plan. Rådmannen gav si støtte til dette valet. Revisor noterte seg innspel om kva for områder innan teknisk som kunne være bli omfatta av revisjonen. Mellom anna blei områda organisering, byggesakshandsaming, dokumentasjon og prosjektstyring trekt fram. Utvalet peika på at føremålet med prosjektet var å kome med tilrådingar om forbetringar, og i mindre grad ei revisjon for å avdekka feil og manglar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.14:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Teknisk avdeling" til utvalet sitt møte 05.05.14.

SAK 05/14 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL - INTERKOMMUNALT ARKIV ROGALAND IKS

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Sauda kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS når det gjeld oppfølging av selskapskontroll til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 17.02.14:

Leiar orienterte kort om saka. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.02.14 og innstilling til kommunestyret:

Sauda kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS når det gjeld oppfølging av selskapskontroll til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte: 05.05.14, kl. 13.00

Sauda/Aksdal, 17.02.14

Inge Løyning
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.14	07/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 05.05.14**Saksvedlegg:**

- 10. Statusrapport pr. mai 2014
- 11. Kontrollrapport 2013 frå Skatteetaten
- 12. K-styrevedtak 09.04.14, sak 17/14 – Oppfølging IKA IKS
- 13. Representantskapsmøte 24.04.14 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
- 14. Representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
- 15. Representantskapsmøte 28.04.14 – Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
- 16. Representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
- 17. Årsmøte 05.06.14 – Ryfylke IKS


Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 10 – 17 vert tatt til orientering.

Aksdal, 28.04.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt mai 2014 – kontrollutvalet

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Teknisk eining	05.05.14	235 timar	Prosjektplan er ferdig	17.11.14	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Legetenesta	29.04.13	14.10.13	K-st 18.12.13	05.05.14	200 timar
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	18.06.12	19.11.12	K-st 20.02.13		
Selskapskontroller					
Plan for selskapskontroll 2012-2016		24.09.12	K-st 20.02.13		
Interkommunalt arkiv	25.04.12	18.02.13	K-st 10.04.13	KU/K-st 17.02.14/ 09.04.14	



Skatteetaten

Saksbehandlar
Frode Kristiansen

Dykkar dato

Vår dato
14.02.2014

Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2013/148601

Kommunestyret i Sauda kommune
Rådhusgata 32
4200 Sauda

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.02.14
Journalført: 14/83/0941
Arkivkode: 232

Kontrollrapport 2013 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Sauda kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen i følge skatteoppkrevjar sine årsrapportar:

tal årsverk 2013	tal årsverk 2012	tal årsverk 2011
1,3	1,5	1,5

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skatteetaten.no/sendepost

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108
Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Sauda kommune viser per 31. desember 2013 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 472 688 862 og uteståande restansar² på kr 7 102 361, av dette krav stilla på vent kr 2 416 643. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 20. januar 2014.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2013 for skatteoppkrevjarkontoret for Sauda kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2011	11,0	97,9	94,7	94,9	95,6
Arbeidsgjevaravgift 2012	61,3	99,7	99,9	100,0	99,9
Forskotskatt personlege skatteytarar 2012	19,4	99,0	98,8	98,3	99,3
Forskotstrekk 2012	133,6	99,9	99,9	100,0	100,0
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2012	39,1	100,0	99,6	100,0	99,9
Restskatt upersonlege skattytarar 2011	9,6	100,0	99,0	99,8	92,7

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Sauda kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga Haugaland arbeidsgiverkontroll.

Resultat for kommunen per 31. desember 2013 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav tal (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2013	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2012 (i %)	Utført kontroll 2011 (i %)	Utført kontroll 2013 region (i %)
150	8	12	8,0	10,5	12,0	4,2

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2013 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 17. april og 5. desember 2013 (arbeidsgjevarkontroll).

Skattekontoret har i 2013 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

På bakgrunn av kontrollane skattekontoret har gjennomført, har vi ikkje avdekka vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

På bakgrunn av kontrollane vi har gjennomført, har skattekontoret avdekka følgjande vesentlege manglar som ikkje er i samsvar med gjeldande regelverk:

Feil sakshandsaming av betalingsordningar etter Skattebetalingsloven § 15-2, jfr sakshandsamingsreglene i SKD melding 9/11 om Lempning av skatter og avgifter av hensyn til det offentlige som kreditor av 8. juli 2011. Gjennomgåande viser sakshandsamingen manglande dokumentering av saksforhold i saker innanfor skatteoppkrevjaren sin myndighetsgrense, her under dei vilkår som skatteoppkrevjar etter lova skal vurdere.

Innkrevjingsarbeidet vert likevel utført i tilstrekkeleg omfang.

- *Arbeidsgjevarkontroll*

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.




6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom kontrollhandlingar i 2013 gjeve pålegg og tilrådingar som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 2. mai 2013 og 6. januar 2014.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
underdirektør
Regional kontrollenning

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Sauda kommune
- Skatteoppkrevjaren for Sauda kommune
- Riksrevisjonen

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 14.04.14

Journalført: 14/132/ ogh

Arkivkode: 217

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 AKSDAL

Deres ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	13/900-10/14/4088/Solfrid Løvbrekke Handeland	026	11.04.2014

Vedtak i kommunestyret i sak 017/14 - Oppfølging av selskapskontroll - Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS

Det er gjort følgende vedtak i saka:

Forslag til vedtak:

Sauda kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS når det gjeld oppfølging av selskapskontroll til orientering.

09.04.2014 KOMMUNESTYRET**KOM-017/14 VEDTAK:**

Samrøystes.

Sauda kommunestyre tar tilbakemeldinga frå Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS når det gjeld oppfølging av selskapskontroll til orientering.

Med helsing
KundetorgetSolfrid Løvbrekke Handeland
politisk sekretær/fagleder Kundetorget

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.14	08/14
Formannskapet	07.05.14	
Kommunestyret	21.05.14	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

SAUDA KOMMUNE - UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2013

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskapen 2013
2. Revisjonsmelding for 2013 frå KPMG AS v/Roald Stakland
3. Hovudoversyn – drift og investering
4. Balansen, regnskapsskjema 1A, 1B og 2A
5. Revisor sitt årsoppgjersbrev for 2013 (blir lagt fram i møtet)

Saksorientering:

Innleiing

Vedlagt følgjer Sauda kommune sin årsrekneskap for 2013, årsrapport for 2013, signert revisjonsmelding frå KPMG dagsett 10.04.14 (vedlegg 2) og framlegg til uttale frå kontrollutvalet (vedlegg 1). Forutan revisor vil også rådmann, rekneskapssjefen delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Det går fram av føreskrift om kontrollutval § 7 at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen:

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet / kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

Det er ikkje eit krav om at kontrollutvalet handsamer årsmeldinga, men denne skal følgje med som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og rekneskapen.

Kommunestyret skal vedta både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Årsrekneskapen skal vedtakast etter innstilling frå formannskapet. Om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) står det følgjande i Forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 10:

Årsregnskapet og årsberetningen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget sjølv senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Årsregnskapet skal være avlagt av fagsjef for regnskap innen 15. februar i året etter regnskapsåret.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet utarbeider årsberetningen, og fremmer denne for det organ kommunestyret eller fylkestinget bestemmer. Årsberetningen skal avgis uten ugrunnet opphold, og senest innen 31. mars. Hvis årsberetningen ikke fremmes for kontrollutvalget, skal den oversendes til kontrollutvalget før kontrollutvalget avgir uttalelse til årsregnskapet. Årsberetningen skal foreligge til behandling i kommunestyret eller fylkestinget samtidig med at årsregnskapet skal behandles.

Der det er vesentlige avvik mellom utgifter i årsregnskapet og bevilgning til formålet i regulert budsjett, skal det redegjøres for avviket. Tilsvarende gjelder ved avvik mellom inntekter i årsregnskapet og regulert budsjett.

Administrasjonssjefen eller kommune-/fylkesrådet skal vurdere tiltak for å bedre den økonomiske oppfølgingen gjennom året dersom det oppstår vesentlige avvik fra regulert budsjett.

Etter forskrifta § 8 skal også kontrollutvalet sjå etter at revisjonen sine merknader (i revisjonsmelding og/eller i årsoppgjersbrev/notat) blir følgt opp.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Sauda kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2013 og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen si årsrapport.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit **brutto driftsresultat** (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivningar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringar) på 6,2 mill. kroner.

Netto driftsresultat er brutto driftsresultat justert for finansinntekter og finanskostnader. Netto driftsresultat blei på ca. 5,7 mill. kr mot regulert budsjett på 4,4 mill.kr. Det utgjør 1,2 %, som er under anbefalt nivå på 3 %. I fjor var den på 0,2 %.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen i 2013 er på 56,7 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 53,2 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Totalt sett er rekneskapen gjort opp med **eit rekneskapsmessig meirforbruk (driftsunderskot)** på kr 1,2 millionar kroner. Investeringsregnskapet er fullfinansiert og går i balanse.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekkje notar som bør vera med i rekneskapen.

Notane som er utarbeidde til rekneskapen i år er dei same som tidligare år.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Årsmeldinga skal i følgje årsrekneskap- og årsberetningsforskrifta vere klar innan 31. mars.

Etter lovendring i 2013 er det nå krav om at rådmannen også skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etikken** i kommunen. Eller som det står i kommunelova § 48 pkt. 5:

«Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.»

Det skal også skrivast noko om faktiske tilstand når det gjeld likestilling i kommunen. Dette punktet ble tatt inn for ein del år sida og er innarbeida i meldinga. Det skal seiast noko om tiltak som er sette i verk, og tiltak som planleggast for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova

Årsmeldinga gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i meldinga.

I årsmeldinga har rådmannen følgjande avsluttande kommentarar i si innleiing:

«Sauda kommune har underskudd i regnskapet for 2013. Selv om dette ikke er stort er det et alvorlig varsel om hva som kan skje i framtiden om vi ikke tar bedre kontroll ove våre utgifter. Vi har også hatt inntekter som har vært større enn budsjettet. Vi må se p å vår drift totalt, effektivisere og i noen tilfeller vurdere kommunale tilbud.»

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

I årsoppgjersbrev kan revisor komme med merknader om forhold som er av ein slik karakter at han finner grunnlag for å kommentere det/de. Rådmannen skal då ha hatt høve til å gi sin uttale.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har lagt fram si revisjonsmelding innanfor lovfastsett frist, som er 15. april. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkludera med at:

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sauda kommune per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.
- at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Eventuelt eit årsoppgjersbrev/notat frå revisor vil bli lagd fram for kontrollutvalet i møtet eller i eit seinare møte.

Revisor konkluderer altså med at etter revisors skjønn er det ikkje avdekka forhold som kontrollutvalet pliktar å følgje opp ytterlegare. Kontrollutvalet vel likevel sjølv om det vil knytte kommentarar til forhold i det som er framlagt.

Notatet, saman med meldinga frå revisor, dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på merknaden i meldinga eller noko av det revisjonen tar opp i årsoppgjersnotatet. Sekretariatet gjer framlegg om det vert gjort.

Rådmannen vil utarbeide saksframlegg for formannskap og kommunestyre der også framlegg til disponering av mindreforbruket og dekning av underskot på investeringsrekneskapen går fram.

Kontrollutvalet sin uttale


Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).

Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i årsrekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Sauda har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2013 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Aksdal, 28.05.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/Utvalssekretær

Til kommunestyret i Sauda

Kontrollutvalet sin uttale om Sauda kommune sin årsrekneskap for 2013

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte 05.05.14, sak 08/14 handsama Sauda kommune sin årsrekneskap for 2013. Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisoren sitt årsoppgjerdsbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor, rådmann og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Sauda kommune sin årsrekneskap for 2013 er gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk/underskot på kr 1,2 millionar.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 5,7 million kroner, og at delar av dette er nytta til avsettingar.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2013 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.13.

Kontrollutvalet i Sauda har ingen merknader til Sauda kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjørsbrev og revisjonsberetning.

Sauda, 05.05.14

Inge Løyning
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



KPMG AS
Karmsundgata 72
N-5529 Haugesund

Telephone +47 04063
Fax +47 52 70 37 70
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til kommunestyret i Sauda kommune

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 11.04.14
Journalført: 14/134/ogk
Arkivkode: 212

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sauda kommune som viser kr 324 604 892 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig merforbruk på kr 1 220 317. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ein dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som rådmannen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ein dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sauda kommune per 31. desember 2013 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Offices in:

Oslo	Haugesund	Sandnessjøen
Ålesund	Karvik	Stavanger
Arendal	Kristiansand	Stord
Bergen	Larvik	Stjørdal
Bodo	Mo i Rana	Tromsø
Elverum	Molde	Trondheim
Finnsnes	Narvik	Tvedestrand
Grimstad	Rælingen	Ålesund
Hammer	Sandnessjøen	

KPMG AS, a Norwegian member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity.

Statse autoriserte revisorer - medlemmer av Den norske Revisorforening.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Haugesund, 10.april 2014

KPMG AS



Roald Stakland

Statsautorisert revisor

Kopi:

Kontrollutvalet

Formannskapet

Rådmannen

Innledning

Regnskapssjefen presenterer med dette årsregnskapet for Sauda kommune. Regnskapet for Sauda havnekaske er inkludert i kommunens totale regnskap.

I tillegg til alle obligatoriske hovedoversikter og bilag, noter og utfyllende kommentarer, vedlegges selve regnskapet til Sauda kommune. Dette regnskapet består av et investeringsregnskap, et driftsregnskap og et balanseregnskap.

Regnskapet til Sauda kommune presenteres i overensstemmelse med den interne kontoplan som er bestemt, og som er brukt ved behandlingen av budsjettet for 2013. Den interne kontoplanen er bygget opp av et ansvar, art – og funksjonsbegrep. Dimensjonene funksjon og art utgjør den obligatoriske eksterne kontoplanen etter Kostra, og som er den kontostrengen som rapporteres til Statistisk Sentralbyrå.

Regnskapet presenteres i en fullstendig tallversjon.

Kort om regnskapsresultatet for 2013:

Regnskapet for Sauda kommune viser et underskudd på 1,2 millioner kroner for 2013. Etter de interne finansieringstransaksjonene, går regnskapet i balanse .

Investeringsregnskapet er fullfinansiert, og går i balanse.

Kommunens arbeidskapital er redusert med i overkant av 36 millioner kroner fra 2012 til 2013. De to siste årene har kommunenes arbeidskapital blitt redusert med i overkant av 46 millioner kroner

Regnskapsprinsipper:

Generelt:

Lov om endring i lov om kommuner og fylkeskommuner av 7. juli 2000 trådte i kraft 1. januar 2001. Endringene gjelder i hovedsak lovens regler om økonomisk planlegging og forvaltning.

Kommunal- og regionaldepartementet er gitt myndighet til å fastsette forskrifter i medhold av kommuneloven:

- Forskrift om årsbudsjett.
- Forskrift om årsregnskap og årsberetning
- Forskrift om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner.
- Forskrift om garantistillelse
- Forskrift om finansforvaltning

Forskrift om finansforvaltning inneholder en bestemmelse om at kommunene i løpet av 2001 skal utarbeide et eget finansreglement. Sauda kommune har utarbeidet et slikt reglement som ble vedtatt i kommunestyret 13. desember 2001.

Regnskapet skal presenteres i fire obligatoriske hovedoversikter.

Hovedoversikt drift viser hovedtall etter artsbegrepet - altså etter type inntekt og utgift. Differanse mellom driftsinntekter og driftsutgifter inklusiv avskrivninger, framkommer som et

brutto driftsresultat. Etter eksterne finansinntekter og finansutgifter samt motpost avskrivninger fremkommer det et **netto** driftsresultat. Etter at interne finanstransaksjoner er ført, fremkommer det et regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk.

Driftsregnskapet skal omfatte:

- Alle løpende inntekter og innbetalinger i året.
- Løpende inntekter og innbetalinger avsatt i tidligere regnskapsår som er anvendt i regnskapsåret.
- Anvendelse av midler som nevnt i nr. 1 og 2 i driftsregnskapet, herunder avsetning av slike midler for anvendelse i senere regnskapsår og til finansiering av investeringer i årets investeringsregnskap.

Hovedoversikt investering viser tradisjonelle investeringer pluss diverse finanstransaksjoner. I utgangspunktet skal disse være finansiert full ut. Er det en ubalanse mellom finansieringsbehov og finansiering, fremkommer differansen som udekket/udisponert.

Investeringsregnskapet skal omfatte:

- Bruk av lånemidler
- Inntekter og innbetalinger knyttet til investeringsprosjekter
- Øvrige inntekter og innbetalinger som ikke er løpende
- Inntekter og innbetalinger som nevnt under 1-3 avsatt i tidligere regnskapsår som er anvendt i regnskapsåret
- Inntekter i driftsregnskapet anvendt for investeringer i årets investeringsregnskap
- Utlån, forskotteringer og tiltak av investeringsmessig karakter
- Øvrige finansieringstransaksjoner knyttet til utlån og forskotteringer.

Kostrat:

Det regnskap som avlegges, er satt opp etter Kostra forskriftene. Forskriften om rapportering fra kommuner og fylkeskommuner gjelder kommuners og fylkeskommuners avgivelse av løpende informasjon om ressursbruk og tjenesteproduksjon til bruk i nasjonale informasjonssystemer, herunder til offisiell statistikk. Det er dette som blir benevnt KOSTRA (Kommune Stat Rapportering).

Nasjonale informasjonssystemer bygger på regnskaps- og tjenesterapporter fra kommuner og fylkeskommuner til statlige myndigheter og skal tjene til bedre grunnlag for analyse, planlegging og styring, både nasjonalt og lokalt.

Finansielt regnskapssystem.

Regnskapet er som før et finansielt regnskapssystem. Det vil si at alle utgifter ved anskaffelse av innsatsfaktorer skal vises, og all tilgang på og bruk av midler skal vises.

Etter forskriftene står kommunene fritt til å bygge opp sitt eget internregnskap.

Regnskapet for 2013 blir avlagt etter kommunens internkontoplanen, og i overensstemmelse med hvordan kommunen var budsjettmessig organisert i 2013.

Anordningsprinsippet:

Anordningsprinsippet vil si at alle kjente utgifter og inntekter skal tas med i regnskapet for vedkommende år, enten de er betalt eller ikke.

Bruttoprinsippet:

Alle utgifter og inntekter skal budsjetteres og regnskapsføres brutto. Dette gjelder også for de interne finansieringstransaksjonene. Det skal således ikke gjøre fradrag for tilhørende inntekter og utgiftsposter. Heller ikke inntektspostene skal framstå med fradrag for eventuelle utgiftsposter.

God kommunal regnskapsskikk:

Årsregnskapet skal føres i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk, både når det gjelder selve regnskapsføringen og når det gjelder den økonomiske informasjonen årsregnskapet gir.

Det er nedsatt en forening for god kommunal regnskapsskikk, som etter hvert vil utarbeide diverse kommunale regnskapsstandarder.

Vurderingsregler:

Vurderingsreglene er hjemlet i forskrift om årsregnskap og årsberetning § 8.

Følgende er lagt til grunn:

I balanseregnskapet er anleggsmidler eiendeler bestemt til varig eie og bruk for kommunen. Andre eiendeler er omløpsmidler.

Omløpsmidler skal vurderes til lavest av anskaffelsesverdi og virkelig verdi. Markedsbaserte finansielle omløpsmidler skal vurderes til virkelig verdi.

Anleggsmidler skal vurderes til anskaffelseskost. Anleggsmidler inndeles i tre kategorier; realobjekter, finansielle anleggsmidler, og immatrielle anleggsmidler.

Realobjekter er fast eiendom, bygninger, anlegg, inventar, utstyr, transportmidler og maskiner.

Realobjekter som har begrenset økonomisk levetid, skal avskrives med like store årlige beløp over levetiden til anleggsmiddelet. Følgende avskrivningsperioder legges til grunn:

- 5 år: Edb-utstyr, kontormaskiner og lignende.
- 10 år: Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidler.
- 20 år: Brannbiler, parkeringsplasser, trafikkløys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjoner, forbrenningsanlegg og lignende.
- 40 år: Boliger, skoler, barnehager, idrettshaller, veier, ledningsanlegg og lignende.
- 50 år: Forretningsbygg, lagerbygg, adm.bygg, sykehjem/institusjoner, kulturbygg, brannstasjoner og lignende.

Avskrivningene skal starte senest året etter at anleggsmiddelet er anskaffet eller tatt i bruk i virksomheten.

Kjøp av varige driftsmidler med økonomisk levetid ut over tre år, og en anskaffelsesverdi større enn kr. 100.000,- blir ført i investeringsregnskapet, og aktivert i balansen.

Med finansielle anleggsmidler menes obligasjoner, aksjer/andeler, fond og utlån som ikke inngår i en markedsbaserte portefølje som har en løpetid på mer enn ett år.

Kommunens plasseringer i pengemarkedsfond og obligasjonsfond i KLP finansforvaltning er å betrakte som markedsbaserte verdipapiret, og er ført opp med virkelig verdi/kurs. Kommunens aksjer i balanse under kapittel 221 er å betraktet som finansielle aktiva, og er oppført med pålydende.

Sauda, 14. februar 2014

Roy Ove Kvernenes
Regnskapssjef
Sign.

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT 2013

TEKST	Regnskap 2013	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjette	Regnskap 2012
Brukerbetalinger	11 071 057,50-	10 272 810,00-	10 272 810,00-	10 299 091,06-
Andre salgs- & leieinntekt	71 414 296,54-	66 840 401,00-	67 240 401,00-	75 541 169,19-
Overfør med krav motytelse	52 561 949,05-	42 505 478,00-	38 050 478,00-	49 609 120,44-
Rammetilskudd	135 942 074,00-	137 582 000,00-	137 582 000,00-	132 029 252,00-
Andre statlige overføringer	27 549 820,00-	22 270 131,00-	22 270 131,00-	28 122 708,00-
Andre overføringer	5 225 090,50-	0,00	0,00	4 900 624,79-
Inntekts- og formueskatt	109 148 566,00-	117 000 000,00-	117 000 000,00-	97 603 821,00-
Eiendomsskatt	34 957 743,06-	35 776 537,00-	35 921 537,00-	29 731 941,33-
Andre dir/indir. skatter	10 036 437,00-	4 550 000,00-	4 550 000,00-	14 387 563,00-
Sum Diftsinntekter	457 907 033,65-	436 797 357,00-	432 887 357,00-	442 225 290,81-
Lønnsutgifter	237 938 275,56	230 571 693,00	227 394 693,00	228 482 551,93
Sosiale utgifter	56 351 264,46	64 851 338,00	64 549 338,00	52 908 287,98
Kjøp inng komm tjr	68 965 863,63	60 312 606,00	56 376 600,00	70 243 439,32
Kjøp erstatn komm tj.prod	41 443 223,76	37 964 665,00	33 564 665,00	45 008 361,04
Overføringer	25 919 649,40	20 007 428,00	18 257 428,00	23 866 021,94
Avskrivninger	21 515 125,39	21 864 034,00	23 299 761,00	21 370 055,58
Fordelte utgifter	421 000,00-	301 000,00-	301 000,00-	421 000,00-
Sum driftsutgifter	451 712 402,20	435 270 764,00	423 141 485,00	441 457 717,79
Brutto Driftsresultat	6 194 631,45-	1 526 593,00-	9 745 872,00-	767 573,02-
Renteinntekter og utbytte	2 433 788,78-	2 802 709,00-	2 723 820,00-	4 411 311,43-
Gevinst finansielle instrum.	2 643 217,00-	2 500 000,00-	2 000 000,00-	2 590 917,35-
Mottatte avdrag på utlån	1 327 800,77-	1 085 000,00-	0,00	65 366,32-
Sum ekst. finansinnt.	6 404 806,55-	6 387 709,00-	4 723 820,00-	7 067 595,10-
Renteutg. og låneomkostn.	12 344 754,54	10 017 564,00	12 017 564,00	13 917 736,17
Tap finansielle instrum.	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	15 856 144,04	15 351 897,00	15 351 897,00	13 773 522,60
Utlån	221 307,16	0,00	0,00	560 287,22
Sum ekst. finansutg.	28 422 205,74	25 369 461,00	27 369 461,00	28 251 545,99
Res eksterne finanstrans.	22 017 399,19	18 981 752,00	22 645 641,00	21 183 950,89
Motpost avskrivninger	21 515 125,39-	21 864 034,00-	23 299 761,00-	21 370 055,58-
Netto driftsresultat	5 692 357,65-	4 408 875,00-	10 399 992,00-	953 677,71-
Mindreforbruk	3 399 857,49-	3 399 857,00-	0,00	3 481 341,99-
Bruk av disposisjonsfond	7 976 117,00-	7 976 117,00-	200 000,00-	11 022 321,84-
Bruk av bundne fond	5 730 063,60-	4 575 000,00-	4 575 000,00-	6 119 423,61-
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avset.	17 106 038,09-	15 950 974,00-	4 775 000,00-	20 623 087,44-
Overført til invest.regn.	8 398 510,17	9 600 000,00	9 600 000,00	6 804 797,00
Dekn. tidl. års RM merforbr	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetn. disposisjonsfond	5 554 170,06	5 284 857,00	100 000,00	4 708 682,77
Avsetninger bundne fond	10 066 032,96	5 474 992,00	5 474 992,00	6 663 427,89
Avsetninger likv.reserven	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	24 018 713,19	20 359 849,00	15 174 992,00	18 176 907,66
RM mer-/mindreforbruk	1 220 317,45	0,00	0,00	3 399 857,49-

ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERINGSREGNSKAP 2013

TEKST	Regnskap 2013	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjø	Regnskap 2012
Salg driftsmidler & eiendom	3 594 349,74-	2 100 000,00-	2 100 000,00-	2 394 020,99-
Andre salgsinntekter	1 126 819,00-	0,00	0,00	627 390,03-
Overfør m/krav til motytelse	1 907 311,00-	1 505 000,00-	1 505 000,00-	341 666,00-
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
enteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	6 628 479,74-	3 605 000,00-	3 605 000,00-	3 363 077,02-
Lønnsutgifter	216 223,82	0,00	0,00	0,00
Sosiale utgifter	25 146,89	0,00	0,00	0,00
Kjøp inng komm tjpr	46 033 613,96	74 728 537,00	101 217 323,00	53 856 397,59
Kjøp erstatn komm tj.prod	2 149,55	0,00	0,00	0,00
Overføringer	10 498 137,71	0,00	0,00	7 413 470,60
Renteutg. og omkostninger	2 479,34	0,00	0,00	5 315,50
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	56 777 751,27	74 728 537,00	101 217 323,00	61 275 183,69
Avdrag på lån	212 745,56	0,00	0,00	180 373,00
Utlån	1 900 000,00	1 000 000,00	1 000 000,00	1 200 000,00
Kjøp av aksjer og andeler	978 112,00	750 000,00	750 000,00	831 647,00
Dekning av tidl.års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetn.ubundne invest.fond	0,00	350 000,00	350 000,00	0,00
Avsetn. til bundne fond	0,00	0,00	0,00	6 885,00
Avsetn. likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstrans.	3 090 857,56	2 100 000,00	2 100 000,00	2 218 905,00
Finansieringsbehov	53 240 129,09	73 223 537,00	99 712 323,00	60 131 011,67
Bruk av lån	40 763 383,12-	51 500 537,00-	83 699 823,00-	46 906 411,67-
Mottatte avdrag på utlån	212 745,56-	350 000,00-	350 000,00-	187 258,00-
Salg av aksjer og andeler	387 243,60-	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidl års min.forbr	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer fra driftsregn	8 398 510,17-	9 600 000,00-	9 600 000,00-	6 804 797,00-
Bruk av disposisjonsfond	3 369 005,40-	11 773 000,00-	6 062 500,00-	831 647,00-
Bruk av ubundne invest.fond	0,00	0,00	0,00	5 380 927,00-
Bruk av bundne fond	109 241,25-	0,00	0,00	19 971,00-
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	53 240 129,10-	73 223 537,00-	99 712 323,00-	60 131 011,67-
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Balanseregnskap 2013

	Regnskap 2013	Regnskap 2012
* Anleggsmidler	1 028 885 155,94	922 735 352,22
Faste eiendommer og anlegg	556 869 188,46	517 509 198,54
Utstyr, maskin, trans.midl	20 557 427,74	21 808 157,77
Utlån	5 020 128,24	4 534 367,41
Aksjer og andeler	12 309 863,50	11 375 676,50
Pensjonsmidler	434 128 548,00	367 507 952,00
* Omløpsmidler	198 801 560,15	257 869 988,19
Kortsiktige fordringer	18 153 942,65	69 741 310,82
Premieavvik	35 647 972,00	28 431 180,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	59 229 183,35	56 585 966,35
Kasse, postgiro, bankinnskudd	85 770 462,15	103 111 531,02
** Sum eiendeler	1 227 686 716,09	1 180 605 340,41
* Egenkapital	208 250 361,16-	227 495 481,13-
Disposisjonsfond	42 913 556,30-	48 704 508,64-
Bundne driftsfond	17 829 980,08-	13 603 251,97-
Ubundne investeringsfond	4 709 750,41-	4 709 750,41-
Bundne investeringsfond	138 550,79-	138 550,79-
Regn.messig mindreforbruk	0,00	0,00
Regn.messig merforbruk	1 220 317,45	0,00
Udisponert i investeringsregn.	0,00	3 399 857,49-
Udekket i investeringsregn.	0,00	0,00
Likviditetsreserve	0,00	0,00
Kapitalkonto	143 174 845,52-	156 235 566,32-
Endr. regn.prin. påvirker AK dri	5 947 394,87-	5 947 394,87-
Endr. regn.prin. påvirker AK inv	5 243 399,36	5 243 399,36
* Langsiktig gjeld	942 106 090,20-	852 908 948,80-
Pensjonsforpliktelse	569 237 091,00-	474 722 060,00-
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	372 868 999,20-	378 186 888,80-
* Kortsiktig gjeld	77 330 255,02-	100 200 905,17-
Kassakredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	73 880 385,02-	96 549 492,17-
Premieavvik	3 449 870,00-	3 651 413,00-
** Sum egenkapital og gjeld	1 227 686 706,38-	1 180 605 335,10-
* Memoriakonti	9,70-	5,31-
Ubrukte lånemidler	55 810 649,56	85 824 032,68
Andre memoriakonti	27 638 877,54	14 323 907,04-
Motkonto for memoriakontiene	83 449 536,80-	71 500 130,95-

Regnskapsskjema 1A 2013

Driftsregnskapet	Regnsk 2013	Oppr.bud 2013	Oppr.bud 2012	Regnsk 2012
Skatt på formue og inntekt	-109148566	-117000000	-111600000	-97603821
Ordinært rammetilskudd	-135942074	-137582000	-130158000	-132029252
Skatt på eiendom	-34957743	-35921537	-31932000	-29731941
Andre direkte / indirekte skatter (hjemfall)	-13952879	-4550000	-4550000	-18384492
Andre generelle statstilskudd	-17761720	-15930131	-13295000	-16972422
Motpost MVA komp	-20332206	-20000000	-19000000	-17390729
Fordeling	75347	0	0	86317
Sum frie disponible inntekter	-332019841	-330983668	-310535000	-312026340
Renteinntekter og utbytte (sosiale utlån 92)	-3761590	-2723820	-2150000	-4476678
Renteutgifter, provisjoner og finsnsutgifter	12344755	12017564	14657651	13917736
Gevinst finansielle instrumenter	-2643217	-2000000	-2000000	-2590917
Tap finansielle instrumenter	0	0	0	0
Avdrag på lån (inkl. sosiale utlån 52)	16077451	15351897	13603897	14333810
Netto finansinntekter / -utgifter	22017399	22645641	24111548	21183951
Til dekning av tidl års regnskapsm merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger 54	5554170	100000	100000	4708683
Til bundne avsetninger 55	10066033	5474992	5134931	6663428
Til likviditetsreserve 56	0	0	0	0
Bruk av tidl års regnskapsm mindreforbruk 93	-3399857	0	0	-3481342
Bruk av ubundne avsetninger 94	-7976117	-200000	-200000	-11022322
Bruk av bundne avsetninger 95	-5730064	-4575000	-5075000	-6119424
Bruk av likviditetsreserve 96	0	0	0	0
Netto avsetninger / forbruk	-1485835	799992	-40069	-9250977
Overført investeringsregnskapet 57	8398510	9600000	6600000	6804797
Motpost avskrivinger / kalk.renter 990	-21515125	-23299761	-16378783	-21370056
Til fordeling drift	-324604892	-321237796	-296242304	-314658625
Sum fordelt til Drift (fra skjema 1B)	325825209	321237796	296242304	311258767
Merforbruk / mindreforbruk	1220317	0	0	-3399858

Regnskapsskjema 1B 2013

Driftsregnskapet	Regnskap 2013	Budsjett 2013	Regnskap 2012	Budsjett 2012
Staber / Fellestjenester				
Sum inntekter	13 944 781	8 860 374	15 542 043	8 533 000
Sum utgifter	60 713 112	53 587 614	60 713 518	50 795 809
Netto driftsramme	46 768 330	44 727 240	45 171 475	42 262 809
Avsatt lønn og pensjon				
Sum inntekter	438 013	0	0	0
Sum utgifter	660 668	6 890 939	-1 020 705	4 885 587
Netto driftsramme	222 655	6 890 939	-1 020 705	4 885 587
Næring				
Sum inntekter	27 462 549	24 167 000	32 063 323	27 215 000
Sum utgifter	20 196 099	15 424 600	19 448 312	13 583 348
Netto driftsramme	-7 266 450	-8 742 400	-12 615 011	-13 631 652
Opplæring				
Sum inntekter	6 663 753	4 433 722	8 016 736	4 433 722
Sum utgifter	60 663 759	57 070 365	61 953 329	56 565 653
Netto driftsramme	54 000 005	52 636 643	53 936 593	52 131 931
Barnehage				
Sum inntekter	5 972 143	4 824 550	5 788 744	4 664 600
Sum utgifter	35 464 729	30 968 249	33 623 652	28 325 256
Netto driftsramme	29 492 587	26 143 699	27 834 908	23 660 656
Lege / fysio				
Sum inntekter	5 808 183	5 781 985	6 059 278	5 927 845
Sum utgifter	19 500 693	14 551 161	16 081 946	13 939 982
Netto driftsramme	13 692 510	8 769 176	10 022 667	8 012 137
Pleie og Omsorg				
Sum inntekter	15 080 033	12 552 588	12 642 272	13 155 508
Sum utgifter	133 922 115	135 480 300	126 172 406	125 625 619
Netto driftsramme	118 842 083	122 927 712	113 530 134	112 470 111
Helsesenteret				
Sum inntekter	4 302 376	2 157 000	4 950 548	1 676 000
Sum utgifter	34 693 213	28 034 631	33 339 042	26 944 138
Netto driftsramme	30 390 838	25 877 631	28 388 494	25 268 138
Kultur				
Sum inntekter	2 328 713	1 267 000	1 654 979	1 297 000
Sum utgifter	10 141 781	10 329 091	9 845 010	9 345 821
Netto driftsramme	7 813 068	9 062 091	8 190 031	8 048 821
Teknisk inkl Havnekassen				
Sum inntekter	44 997 163	38 980 470	44 722 027	37 343 317
Sum utgifter	76 866 745	71 925 535	82 542 208	70 477 083
Netto driftsramme	31 869 582	32 945 065	37 820 181	33 133 766
TIL FORDELING DRIFT	325 825 209	321 237 796	311 258 767	296 242 304

Regnskapsskjema 2A 2013

1	Kostra - art	2013	budsjett	budsjte	2012
L3	Salg driftsmidler & eiendom (660:679)	3 564 349,74-	2 100 000,00-	2 100 000,00-	2 394 020,99-
L4	Andre salgsinntekter (600:659)	1 126 819,00-	0,00	0,00	627 390,03-
L5	Overfør m/krav til motytelse(700:789)	1 907 311,00-	1 505 000,00-	1 505 000,00-	341 666,00-
L6	Statlige overføringer (810:829)	0,00	0,00	0,00	0,00
L7	Andre overføringer (830:869;880:899)	0,00	0,00	0,00	0,00
L8	Renteinntekter og utbytte (900:909)	0,00	0,00	0,00	0,00
*	L9 Sum inntekter Sum(L3:L8)	6 598 479,74-	3 605 000,00-	3 605 000,00-	3 363 077,02-
L11	Lønnsutgifter (010:089;160:169)	216 223,82	0,00	0,00	0,00
L12	Sosiale utgifter (090:099)	25 146,89	0,00	0,00	0,00
L13	Kjøp inng komm tjør(100:159;170:289)	46 033 613,96	74 728 537,00	101 217 323,00	53 856 397,59
L14	Kjøp erstatn komm tj.prod (300:389)	2 149,55	0,00	0,00	0,00
L15	Overføringer (400:499)	10 498 137,71	0,00	0,00	7 413 470,60
L16	Renteutg. og omkostninger (500:509)	2 479,34	0,00	0,00	5 315,50
L17	Fordeelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
*	L18 Sum utgifter Sum(L11:L17)	56 777 751,28	74 728 537,00	101 217 323,00	61 275 183,69
L20	Avdrag på lån (510:519)	0,00	0,00	0,00	180 373,00
L21	Utlån (520:528)	0,00	1 000 000,00	1 000 000,00	1 200 000,00
L22	Kjøp av aksjer og andeler 529	0,00	750 000,00	750 000,00	831 647,00
L23	Dekning av tidl.års udekket(530:539)	0,00	0,00	0,00	0,00
L24	Avsetn. ubundne invest.fond (548:549)	0,00	350 000,00	350 000,00	0,00
L25	Avsetn. til bundne fond (550:558)	0,00	0,00	0,00	6 885,00
L26	Avsetn. likviditetsreserve (560:569)	0,00	0,00	0,00	0,00
*	L27 Sum finansieringstrans. Sum(L20:L26)	0,00	2 100 000,00	2 100 000,00	2 218 905,00
**	L28 Finansieringsbehov L18+L27-L9	50 179 271,54	73 223 537,00	99 712 323,00	60 131 011,67
L30	Bruk av lån (910:919)	38 863 383,12-	51 500 537,00-	83 699 823,00-	46 906 411,67-
L31	Mottatte avdrag på utlån (920:928)	0,00	350 000,00-	350 000,00-	187 258,00-
L32	Salg av aksjer og andeler 929	387 243,60-	0,00	0,00	0,00
L33	Bruk av tidl års min. forbr (930:939)	0,00	0,00	0,00	0,00
L34	Overføringer fra driftsregn(970:979)	8 398 510,17-	9 600 000,00-	9 600 000,00-	6 804 797,00-
L35	Bruk av disposisjonsfond (940:947)	2 420 893,40-	11 773 000,00-	6 062 500,00-	831 647,00-
L36	Bruk av ubundne invest.fond(948:949)	0,00	0,00	0,00	5 380 927,00-
L37	Bruk av bundne fond (950:959)	109 241,25-	0,00	0,00	19 971,00-
L38	Bruk av likviditetsreserve (960:969)	0,00	0,00	0,00	0,00
*	L39 Sum finansiering Sum(L30:L38)	50 179 271,54-	73 223 537,00-	99 712 323,00-	60 131 011,67-
***	L40 Udekket/udisponert L28-L39	0,00	0,00	0,00	0,00

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.14	09/14
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM LEGETENESTA

Bakgrunn:

Kontrollutvalet starta våren 2013 ein prosess med å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon av legesenteret/legetenesta.

KPMG AS som er kommunen sin revisor gjennomførte forvaltningsrevisjonen og endeleg rapport blei handsama av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2013.

I rapporten kom revisor med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

■ *For å gjere det meir attraktivt å arbeide ved Sauda legesenter er det viktig å styrke arbeidet med strategisk kompetansestyring. Dette inkluderar å vidareføre arbeidet med etablering av eit interkommunalt samarbeid om legevaksordninga. I tillegg bør ein vurdere å ei meir heilskapleg tilnærming til kompetansestyringa, til dømes etter mal for beste praksis (jf. vedlegg).*

■ *Samtidig er det etter revisor si vurdering vesentleg å vidareutvikle systemiske forhold (organisering og styringsstruktur) knytt til sjølve legesenteret for å gjere legesenteret til ein meir velfungerande arbeidsplass og dermed styrke føresetnadene for å halde på tilsette. For å oppnå dette, er det viktig å gjennomføre tiltak på følgjande område:*

– *Vidareutvikle styringskort for Helsesenteret/legesenteret, samt forankring og bruk av styringskortet i verksemda.*

– *Få på plass eit heilskapleg system for arbeid med HMT, inkludert målsetjingar, planar og verktøy, og nytte dette i ei systematisk utvikling av arbeidsplassen.*

– *Styrke internkontrollen ved legesenteret, herunder tydeleggjere og dokumentere roller, ansvar, rutinar og oppåver for tilsette.*

– *Styrke ressursar til og betre føresetnadene for dagleg leiing av legesenteret. Særleg på bakgrunn av påpeikte manglar knytt til organisering og styringsstruktur, jf. over, er det vesentleg å få på plass ein leiar for legesenteret som får ei tydeleg definert rolle og*

mandat for stillinga. I denne bør det liggje klare grensesnitt mot einingsleiar, tydeleg mandat og ressursar til å prioritere utviklingsarbeid for verksemda.

Omfang (stillingsbrøk) må vurderast opp mot ein nærmare analyse av konkrete behov, men bør i alle høve i ein overgangsperiode vere vesentleg høgare enn det som har vore vanleg for fagkoordinatorane (20 %) ved Helsesenteret.

– For alle tiltak som vert gjennomført bør ein leggje vekt på informasjon til og involvering av dei tilsette ved legesenteret.

Sauda kontrollutval fattet følgjande innstilling i sak 21/13 den 14.10.13:

- 1. Sauda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om legetenesta og tek denne til orientering.*
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan utgangen av april 2014,*

men Sauda kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 101/13 den 18.12.13:

Kommunestyret ber rådmannen om å sette i gang tiltak i tråd med rapporten frå forvaltningsrevisjonen.

Til kommunestyremøtet i februar skal rådmannen legge fram en oversikt over tiltak som er satt i verk, og ei plan for det vidare arbeidet.

I lys av rapporten ber kommunestyret om at rådmannen vurderer tilsvarende forhold ved de andre avdelingene ved helsesenteret, og setter i gang en prosess for å sikre et helsesenter som har kvalitetssikra drift i alle avdelinger.

Kontrollutvalet fekk ei førebels munnleg orientering frå rådmannen i møte 17.02.14, sak 02/14 – der det i protokollen blant anna heiter:

I samanheng med Statusoversikten orienterte rådmannen om status for rapporten om legetenestene.

Kommunestyret hadde fått ei oppdatering på møte 12.02.14 og ville få ei ny oppdatering i april.

Utvalet ville få ei oppfølging på møtet i mai. Rådmannen meinte det blei arbeida bra på fleire hald med tilrådingane i rapporten.

Rådmannen vil i møtet munnleg orientere om arbeidet som er gjort med vidare oppfølging av revisor sine tilrådingar.

I følge Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.


Kommunestyret har som følgje av vedtaket 18.12.13 blitt jamleg orientert om utviklinga ved legesenteret. Sekretariatet meiner difor det ikkje er grunn for å sende over denne oppfølgings-saka som eigen sak til kommunestyret no. Det ligg heller ikkje noko skriftleg føre frå administrasjonen som kan vedleggas saka.

Det vil være opp til utvalet om ein vil seie seg nøgd med rådmannen si oppfølging så langt eller om utvalet vil be om ytterligare oppfølging. Utvalet må også bestemme om saka skal sendast til kommunestyret for handsaming.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sauda kontrollutval har merka seg det som kjem fram i rådmannen si utgreiing om oppfølging av legevaktrapporten og tek denne til orientering.

Aksdal, 28.04.14



Odd Gunnar Høie
Rådgevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.05.14	10/14

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	217	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Saksvedlegg: «Teknisk eining - sakshandsaming og prosessar» – prosjektplan frå KPMG AS

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Kontrollutvalet vedtok på møtet den 17.02.14, i sak 04/14 følgjande:

Sauda kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Teknisk avdeling" til utvalet sitt møte 05.05.14.

Saksorientering:

KPMG AS har med bakgrunn i dette vedtaket utarbeidd prosjektmandatet som ligg ved. I utkastet er aktuelle problemstillingar i samband med ein forvaltningsrevisjon av «Teknisk eining – sakshandsaming og prosessar» gjort greie for.


KPMG AS vil gjennomføra prosjektet våren/hausten 2014, for å levere rapport i november 2014. Prosjektet er kostnadsrekna til eit arbeidsforbruk på 235 timar. Det er budsjettert med ei ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll på inntil 250 timar for 2014.

Kontrollutvalet må velje kva for ein av dei to hovudproblemstillingane revisjonen skal omhandle, samt at utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sauda kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjon av prosjektet «Teknisk eining – sakshandsaming og prosessar», hovudproblemstilling 1 eller 2. Dette i fylgje vedlagte prosjektplan av 11.04.14 frå KPMG AS / med desse endringane:
Ramma for prosjektet vert sett til 235 timar.

Aksdal, 28.04.14



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

VEDLEGG SAK 10/14



cutting through complexity™

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt

**"Teknisk eining-
Sakshandsaming og
prosessar"**

11.4.14

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 11.04.14

Journalført: 14/135/096

Arkivkode: 2/7

Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
2	Føremål, problemstillingar og kriteria	4
2.1	Føremål og avgrensing	4
2.2	Problemstillingar	4
2.3	Revisjonskriteria	5
3	Tilnærming	7
3.1	Metode	7
3.2	Aktivitets- og framdriftsplan	7
4	Utførande revisorar	1
5	Honorar	2

1 Innleiing

1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kontrollutvalet har i møte 17.02.2014 tinga prosjektplan for å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt retta mot teknisk eining i kommunen.

I møtet drøfta utvalet ulike område som kunne vere aktuelle å fokusere på i ein forvaltningsrevisjon. Dette var organisering, byggesakshandsaming, dokumentasjon og prosjektstyring. Forvaltningsrevisor er beden om å vurdere kva av desse områda det er størst behov for å gjere ein forvaltningsrevisjon på.

For kontrollutvalet er det, uavhengig av kva område som vert fokusert i forvaltningsrevisjonen, sentralt at forvaltningsrevisjonsrapporten skal vere eit positivt bidrag til utvikling og forbetring i Teknisk eining. Forvaltningsrevisjonen skal difor legge vekt på å kome med tilrådingar om forbetringar.

1.2 Bakgrunn

Forvaltningsrevisjon av "Teknisk eining" er eit prioritert område i Sauda kommune sin Plan for forvaltningsrevisjon. I kommunen sin Plan for forvaltningsrevisjon står det:

I årsmeldinga for 2011 vert det rapportert om fleire utfordringar framover. Det er mellom anna ein kritisk bemanningssituasjon, og etterslep og stor pågang av oppgåver sliter på personalet. Teknisk avdeling vert også nemnt i både intervju og spørjeundersøking som eit område som kan vere aktuell for ein forvaltningsrevisjon.

1.3 Førebuingar

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som oppstiller relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen med utgangspunkt i kommunen sin Plan for forvaltningsrevisjon. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuingssfasen er viktig, dette for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

I planleggingsfasen har det vore ein prosess med kontrollutvalet (møte 17.02.14) kor ramme, føringar, føremål og mulege område for forvaltningsrevisjonen er drøfta. KPMG vart i møte 17.02.14 beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl.føremål, problemstillingar, avgrensingar og ressursbruk.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG gjennomført fylgjande aktivitetar:

- Samtale med kommunalsjef for Teknisk eining i Sauda kommune. Føremålet har vore å få innspel og synspunkt på dei områda som kontrollutvalet vurderar å gjennomføre forvaltningsrevisjon på, herunder kva område kommunalsjefen sjølv opplever at det er knytt størst utfordringar til og kva område som kan vere mest interessant å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon på.
- Samtale med kontrollutvalsleiar for å gjennomgå dei områda kontrollutvalet ser som aktuelle å fokusere på i forvaltningsrevisjonen. Føremålet har vore å få utfyllande informasjon om dei ulike områda; herunder kva utfordringar som fins på områda.
- Gjennomgang av årsmeldingar for 2011 og 2012

1.3.1 Teknisk eining i Sauda kommune

Under er ei oppsummering av utfordringar for Teknisk eining, basert på gjennomgang av årsmeldingar og samtalar som forvaltningsrevisor har gjennomført i samband med arbeidet med prosjektplan . Skildringa gir ikkje eit uttømmende bilete og er ikkje verifisert av kommunen . Skildringa gir eit førebels bilete, og dannar eit grunnlag for val av føremål og problemstillingar i forvaltningsrevisjonen.

Teknisk eining er leia av ein kommunalsjef, og er i fylgje kommune sitt organisasjonskart delt inn i tre område/avdelingar; brann, plan og drift. Teknisk eining omfattar fylgjande tenesteområde:

- Arealplanlegging
- Brann- og redningsvesen
- Byggesakshandsaming
- Feiing
- Gravferdshjelp
- Havnevesen
- Kart- og oppmåling
- Renovasjon
- Vatn og avlaup

Teknisk eining leverer viktige tenester til kommunen sine innbyggjarar og næringsliv. Planar for vekst og utvikling i Sauda kommune tilseier at tenestene vil bli enda viktigare i åra som kjem. Det er difor viktig at Teknisk eining, så vel i dag som i framtida, kan oppfylle behova til innbyggjarar og næringsliv i kommunen og kan levere tenester med god kvalitet.

Overordna mål for Teknisk eining (jf Årsmeldinga 2012) er:

- Opptre ryddig, fagleg og effektivt
- God flyt i kvardagen, med støtte fra kollegaer og leiarar
- Fornøye medarbeidarar

Det er i tillegg oppstilt fylgjande mål:

- Samfunn/livskvalitet:
 - Arbeide målretta og ryddig
 - God dialog mot kundar/brukarar
- Brukarar
 - Ryddig saksbehandling
 - Kvalitetssikring av eget og andre sitt arbeid

Teknisk eining har opplevd mykje negativt fokus og det vore mykje "støy" knytt til eininga. Det er særleg tre område som har vore i fokus:

Organisasjonen

Teknisk eining synast å ha ein organisasjon som ikkje har vore godt nok dimensjonert i forhold til behova. Det har til dømes over tid vore etterslep på gjennomføring av oppgåver, noko som går fram både av årsmeldinga for 2011 og 2012. Det synast og å vere eit rom for å ha eit større fokus på utvikling og fornying i eininga enn kva som har vore tilfelle. Dette er både knytt til arbeidsmåtar, system og rutinar. Det er og reist spørsmål ved om roller og ansvar er godt nok avklart i eininga.

Prosjektstyring

Tidlegare har det ikkje vore ei god leiing og styring med prosjekta som eininga har gjennomført. Dette har mellom anna resultert i at fleire prosjekt har hatt store kostnadssprekkar. Den siste tida synast det som om det er betre kostnadsstyring i prosjekta enn kva som har vore tilfelle tidlegare og at prosjektstyring er eit område kor eininga har betre kontroll no enn før.

Sakshandsaming

For innbyggjarar og næringsliv er det viktig at Teknisk eining har effektive og godt koordinerte saks- og arbeidsprosessar, som sikrar kvalitet i avgjersler og tenestene. Samstundes har sakshandsaming vore eit område kor Teknisk eining har opplevd mykje "støy". Utad kan det synast som om det har vore for lite fokus på å sikre ein teneleg organisering, gode prosessar og rutinar, skriftlegheit og god kommunikasjon mellom kommune og søkarar i sakshandsamingsprosessane.

Utfordringane kan synast størst i høve til oppgåver som ikkje er standardiserte og kor eininga manglar gode rutinar. Til dømes gjelder dette fagområde og arbeidsprosessar knytt til utsléppsløyver, vatn og avlaup, forureining og forsøpling. På andre område har eininga kome lenger med å standardisere prosessane, noko som gir meir "flyt" i sakshandsaminga, som til dømes innan plan, kart, oppmåling og saker som gjeld frådelling.

Når det gjeld arbeidsprosessane i eininga, så er nokre av utfordringane gjort kort greie for under:

■ Mottak, registrering, siling og fordeling av saker:

- Mottak og siling av saker kunne vore organisert annleis. I dag gjer sakshandsamarar på byggesak den første gjennomgangen av søknader/ siling av søknader, ei oppgåve som kunne vore lagt til eit kundemottak/postmottak, for å frigjeere kapasitet hjå sakshandsamarar.
- I dag går det gjerne med 3-4 dagar før sakene vert registrert og tildelt rett sakshandsamarar.

■ Standardisering av saks- og arbeidsprosessar:

- Eininga har start eit arbeid med kartlegging av rutinar og prosessar på alle fagområde, med unntak for drift. Det er laga til flytskjema som viser gangen i dei ulike saksprosessane.
- Det står att å gjere ein analyse av prosessane, for å underøkse om prosessane tek i vare krav, om prosessane er tenlege, om dei er tilstrekkeleg koordinerte mv.
- Standardisering av prosessane kan vere egna for å forbetre sakshandsaminga med omsyn til tidsbruk, forbetring av informasjonsflyten mellom eininga og innbyggjarar mv.

■ Teknologi:

- Eininga har i liten grad tenelege system/verktøy som kan understøtte saks- og arbeidsprosessar på ein god måte. Saks- og arbeidsprosessar er i liten grad digitalisert og søknad og sakshandsaming er framleis i stor grad papirbasert. Til dømes nyttar ikkje kommune ByggSøk, som er den nasjonale løysinga for elektronisk kommunikasjon i plan- og byggesaker.
- Fråvær av teneleg teknologi gjer at fleire arbeidsoperasjonar må gjerast manuelt, noko som er tidkrevjande. Til dømes kan ein ikkje ut frå systema som nyttast i dag sjå kor langt i sakshandsamingaprosessen ein søknad er komen, og ein kan ikkje ta ut statistikk/rapportar på kor mange saker som er registrert inn, få oversyn over status i sakene osv.

På bakgrunn av ein gjennomgang av dokumentasjon og samtalan med leiar av kontrollutvalet og kommunalsjefen for Teknisk eining, så rår KPMG til at forvaltningsrevisjonen fokuserer på området sakshandsaming, og herunder saks- og arbeidsprosessar og arbeidet med prosessforbetring i eininga.

2 Føremål, problemstillingar og kriteria

2.1 Føremål og avgrensing

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om Teknisk eining har tenelege saks- og arbeidsprosessar og om eininga har system/verktøy som understøtter prosessane på ein god måte.

Forvaltningsrevisjonen kan ha ulike vinklingar:

- Analysen kan anten nyttast til å undersøke om eininga har tenelege saks- og arbeidsprosessar og system som understøttar og gjer det mogleg å nå målsetningar som er oppstilt for Teknisk eining og krav som gjelder for tenestene eininga skal levere.
- Analysen kan og nyttast for å undersøke om eininga har eit eigna styringssystem for å sikre kontinuerlig forbetring av saks- og arbeidsprosessar og systema som skal understøtte prosessane.

Det er og eit føremål å føreslå forbetringstiltak, dersom forvaltningsrevisjonen avdekkar forbetringspotensiale.

2.2 Problemstillingar

På bakgrunn av føremålet er det føreslege to alternative hovudproblemstillingar for forvaltningsrevisjonen, med tilhøyrande underspørsmål. Dette etter ønske frå kontrollutvalet, slik at utvalet kan velje mellom dei føreslåtte hovudproblemstillingane og kome med innspel til dei føreslåtte underspørsmåla. Å svare på dei føreslegne hovudproblemstillingane med underspørsmåla vil krevje grundige undersøkingar og vil vere eit omfattande arbeid.

Særleg om underspørsmåla

Under kvar hovudproblemstilling har vi lista nokre underspørsmål som vi i dag trur vil kunne vere aktuelle å sjå på. Lista over underspørsmål bør ikkje sjåast på som uttømmande, men underspørsmåla angir retninga for forvaltningsrevisjonen og syner kva omfang forvaltningsrevisjonen kan ha.

Det er viktig å understreke at forvaltningsrevisor som ledd i oppstarten av forvaltningsrevisjonen må ha moglegheit til å gjere eventuelle naudsynte justeringar i underspørsmåla. Dette fordi det *kan* vise seg at nokre underspørsmål ikkje er like relevante som ein trudde, eller at underspørsmål som ikkje er nemnde, burde ha vore tatt opp.

Kva underspørsmål som til slutt bør vere omfatta under hovudproblemstillingane vil aller best kunne avklarast og fastsettest endeleg som ledd i oppstarten av forvaltningsrevisjonen og i dialog med kommunen. Vi føreslår difor at KPMG får høve til å gjere eventuelle justeringar i underspørsmåla i høve til denne prosjektplanen i samband med oppstarten av prosjektet, og etter nærare dialog med kommunen. I tillegg vil vi sjølvstendig orientere kontrollutvalet om endeleg val av underspørsmål i eiga løypemelding frå KPMG.

Hovudproblemstilling 1

I kva grad har Teknisk eining saks- og arbeidsprosessar og system/verktøy som understøttar og gjer det mogleg å nå målsettingar og krav til tenestene?

Under problemstilling 1 vil forvaltningsrevisjonen til dømes kunne undersøke:

- I kva grad framstår saks- og arbeidsprosessar som tenelege, herunder:
 - Er saks- og arbeidsprosessar standardiserte og dokumenterte?
 - Er saks- og arbeidsprosessar utforma på ein effektiv måte?

- Tek saks- og arbeidsprosessar i vare behov for koordinering; internt og mot eksterne samarbeidsaktørar?
- Tek saks- og arbeidsprosessar i vare behov for informasjon og kommunikasjon med søkarar?
- Føreligg det skriftlege rutinar for gjennomføring av saks- og arbeidsprosessar?
- I kva grad er ansvar- og oppgåvefordelinga i saks- og arbeidsprosessar avklart?
- I kva grad har eininga tenelege system/verktøy som understøtter ein effektiv styring med og gjennomføring av saks- og arbeidsprosessar?
- Kva er hovudutfordringane knytt til saks- og arbeidsprosessar og system/verktøy?
- Kva forbetringstiltak bør settast i verk, og kvifor?

Forvaltningsrevisjonen vil ikkje kunne sjå på absolutt alle saks- og arbeidsprosessar. Vi rår til at forvaltningsrevisor saman med kommunalsjef for Teknisk eining vel ut eit utval av store og vesentlege arbeidsprosessar for nærmare undersøkingar. Forvaltningsrevisjonen bør bygge på allereie kartlagt prosessar i eninga så langt som mogleg.

Hovudproblemstilling 2

I kva grad har Teknisk eining eit teneleg system for å sikre kontinuerlig forbetring av saks- og arbeidsprosessar?

Under problemstilling 2 vil forvaltningsrevisjonen til dømes kunne undersøke:

- Om eininga har eit teneleg avvikssystem for å fylgje opp og sikre at saks- og arbeidsprosessar legg til rette for kvalitet i tenestene?
 - Om eininga har målingar og undersøkingar, som gjer det mogleg for leiinga å stadfeste om saks- og arbeidsprosessar fungerer slik dei skal, eller om prosessane må forbetras?
 - Om eininga nyttar klagar/meldingar og informasjon frå publikum i arbeidet med prosessforbetring?
 - Om eininga nyttar brukarundersøkingar som ledd i arbeidet med kontinuerlig prosessforbetring?
- Om eininga har system for å sette i verk tiltak for å forbetre prosessar, herunder om det er oppfølging av at tiltak faktisk vert sett i verk og at tiltak har ønskja effekt?
- Om roller, ansvar og oppgåver i arbeidet med oppfølging og forbetring av saks- og arbeidsprosessar er avklart og vert etterlevd?
- Om eininga har ei teneleg organisering og ressursfordeling, som legg til rette for og understøtter saks- og arbeidsprosessar?
- Om det er forbetringspotensiale i eininga sitt arbeid med kontinuerleg forbetring av saks- og arbeidsprosessar?

2.3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normar som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen.

Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å utleie revisjonskriteria vil mellom anna kunne vere:

- Mål og planer for tenestene i Teknisk eining
- Relevante lov og forskriftskrav som gjelder for tenestene i Teknisk eining

- Skildringar av saks- og arbeidsprosessar, samt rutinar
- Fullmakter og delegeringar
- Krav og anbefalingar til intern styring og kontroll (kommuneloven, anerkjente standardar og teori om beste praksis for intern styring og kontroll)
- Relevante politiske vedtak
- Kommuneloven

3 Tilnærming

3.1 Metode

3.1.1 Kort om innsamling og analyse av data

For å svare på problemstillingane vil det bli samla inn dokumentasjon frå kommunen som vil bli samanstilt og analysert ift revisjonskriteria.

Det vil bli gjennomført intervju med leiarar og tilsette. Det kan vere aktuelt med gruppeintervju, som ledd i datainnsamlinga. Involvering av leiarar og tilsette i gjennomføringa av revisjonen ser vi som viktig, både for å få ein god prosess med Teknisk eining, men og som ledd i å sikre eit datagrunnlag som er gyldig og relevant.

Ved gjennomføring av intervju vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondentan(e) til verifisering (gjennomlesing og evt korrigerings). Svar frå respondentar vil bli samanstilt og sett i høve til øvrig dokumentasjonen, samt analysert ift. revisjonskriteria.

3.2 Aktivitets- og framdriftsplan

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unnatek offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.

4 Utførande revisorar

4.1.1 Team KPMG

KPMG sitt team i forvaltningsrevisjonen består av:

Partner Roald Stakland

Prosjektleder manager Øivind Hauge Støle

Prosjektdeltakere er:

- Senior associate Ingvill Strand
- Manager Åse Østensjø
- Manager Kari Hesjedal